Årsmøte Vikedal Bygdahus 2025



Årsmøtereferat

26.03.2026

Til stades: Vigleik Bakkedal – Vindafjord IL
Anja Våg Skjold – Vindafjord IL
Marina Novik – Vindafjord IL
Karina Hovden Stava – Vindafjord IL
Ina Helmers – Vikedal skulekorps
Kenneth Strømland – Vindafjord Røde Kors
Svein Bjarte Holten – NMK Vikedal
Erlend Nesheim – NMK Vikedal
Sten Jogeir Særsten – Vikedal Båtforeining
Stian Leite Frøland – Vindafjord Pistolklubb
Tone Helen H. Halleraker – Vikedal Ungdomslag
Stina Kvaløy Krokedal – Vikedal Ungdomslag
Venke Særsten – Vikedal Ungdomslag
Nils Erik Eide – Vikedal Ungdomslag
Asle Øverland – Vikedal dykkarklubb

Før møtet formelt starta ønskte styreleiar Ina Helmers velkommen og gav deretter ordet til ordstyrar Nils Erik Eide.

1. **Godkjenning av innkalling**
   Ingen merknad til innkalling.
   Totalt er det 22 delegat som er representasjonsskapet i Vikedal Bygdahus, på årsmøtet møtte 15 stk. Vedtektene seier at det må minimum vera 2/3 oppmøte for at årsmøtet skal vera stemmeberettiga.

   Vedtak:
   Innkalling til årsmøtet blei samrøystes godkjent.
   15 av 22 er over 2/3 så årsmøtet var stemmeberettiga.
   Marina Novak og Sten Jogeir Særsten blei valde til å skrive under protokollen.

2. **Årsmelding**
   Styret leste opp årsmelding, årsmøtet fekk moglegheit til å stille spørsmål fortløpande.

   Vedtak:
   Årsmelding for 2025 blei samrøystes vedtatt.

3. **Rekneskap 2025**
   Gjennomgang av rekneskapet – årsmøtet fekk moglegheit til å stille avklarande spørsmål. Årsresultatet viser eit lite underskot på - 5.444 kr. Det blei kommentert at dette var veldig bra jobba av styret, det var imponerande med eit så godt resultat sjølv om det har vore veldig mange investeringar og vedlikehald i 2025. Revisorane sin kontroll av rekneskapen viser også at dei er godt nøgde med styret sin gode drifta. Revisorrapport ligg vedlagd.

   Vedtak:
   Rekneskapen for 2025 blei samrøystes vedtatt og godkjent av revisorane. Årsresultat viser eit årsresultat på minus 5.444 kr.

4. **Budsjett 2026**
   Styret har laga eit budsjett med eit underkot på - 83.500 kr, det var lagt inn 200.000 kr til innkjøp av nytt appstyrt låsesystem og lydopplegg i kafe og sal. Dette blei orientert om før votering.

   Vedtak:
   Budsjett for 2026 med underskot på - 83.500 kr blei samrøystes vedtatt. Årsmøtet vedtok at styret kan gå til innkjøp av appstyrte låsar og nytt lydanlegg i kafe og sal.

5. **Val 2026**

   Hovudstyre:
   Vigleik Bakkedal - 1 år
   Mari Aalmo – 2 år NY
   Hege Birkeland Reimers – 2 år NY
   Ingebjørg Rullestad Gjerde - 1 år NY
   Nils Erik Eide – 1 år
   Sondre Eikeland – 2 år NY

   Vara:
   Tone Helen H. Halleraker – 1 år
   Georg Opsal – 2 år NY

   Pubnemnd:
   Anne Cecilie Berntsen - 1 år
   May Oddny Håland - 2 år NY
   Filip Bartczak – 1 år

Valnemnd:
Karina Hovden Stava – 2 år NY
John Sigve Matre – 1 år

Revisorar:
Linda Hallingstad Vikedal NY
Tor Gunnar Hornenes NY

Vedtak:
Årsmøtet vedtok at valnemnda skal gå frå tre til to medlemmer.
Nytt styre for 2026 blei elles samrøystes vedtatt. Styret konstituerer seg på første styremøtet. Styret har signaturrett på vegne av Vikedal Bygdahus.

6. Nye vedtekter Vikedal Bygdahus og Idrettshall

Styret hadde sendt ut forslag til nye vedtekter for Viekdal Bygdahus og Idrettshall SA til andelseigarane 14 dagar før årsmøtet. Styret gjekk gjennom paragraf for paragraf.

Vedtak:
Årsmøtet vedtok nye vedtekter med ein endring i §8 (ord med understrek blei føya til):
Styret skal ha <u>minst</u> fem medlemmar og to varamedlemmar, valt av årsmøtet.

7. Orienteringsaker

<u>Sommarfestivalen vidare</u>
Styret informerte om at det har vore mange diskusjonar i løpet av hausten om Sommarfestivalen skal arrangerast vidare. Etter at årsmøtet i 2023 bestemte at ein skulle prøve å blåse liv i denne festivalen igjen. Det blei arrangert i 2024 med fiskefestival og kveldsarrangement på kvelden på bygdehuset. Det blei eit overskot på vel 80 000 kroner dette året. Året etter i 2025 blei ikkje så bra, rundt 10 000 kroner i pluss. Det er få personar som vil vera med å arrangere, så då fell arbeidet på styret. Det er midt i ferien og styret kom fram til konklusjonen at det ikkje er liv laga å bruke så mykje tid og krefter på ein festival som ikkje bygdefolket støttar.

Årsmøtet tok orienteringa til etterretning og det vil då ikkje bli arrangert Sommarfestival med kveldarrangement vidare. Vikedal Båtforeining satsar på å arrangere fiskefestivalen på dagtid framover.

8. Innkomne saker

Ingen saker kom inn innan fristen.

27.03.2026
Nils Erik Eide, referent

Underskrift av protokollen:

Dato: 8/4-2026

Marina Nonvak, Vindafjord IL

Marina Novik.

Dato: 8/4-2026

Sten Jogeir Særsten, Vikedal Båtforeining

SJSarsten

Vedlegg

Årsmelding for Vikedal Bygdahus og Idrettshall 2025

Styret legg med dette fram årsmeldinga for 2025 for Vikedal Bygdahus og Idrettshall. Året har vore prega av stor aktivitet, mykje dugnadsinnsats, oppgraderingar av bygg og utstyr, samt eit godt samarbeid mellom ulike lag, organisasjonar og frivillige.

Styret har vore:

Leiar	Ina Helmers
Nestleiar	Erlend Nesheim
Styremedlem/skrivar	Nils Erik Eide
Styremedlem/kasserar	Asle Øverland
Styremedlem	Vigleik Bakkedal
Varamedlemmer	Tone Helen H. Halleraker, Håkon Bakkedal
Pubnemnd	Daniel Holten, Jarl Andre Holten Leifsen, Anne Cecilie Berentsen, Filip Bartczak

Andre verv:

Forretningsførar	Geir Kenneth Rødne
Revisorar	Jan Børretzen og Karin Antonsen
Valnemnda	Georg Opsal, Svein Bjarte Holten og John Sigve Matre

Samarbeid, avtalar og drift

Det har vore jobba aktivt med fornying av sponsoravtalar for idrettshallen gjennom året. I tillegg er samarbeidsavtalane med Vindafjord IL og Vindafjord kommune fornya, noko som har bidrege til auka leigeinntekter.

Styret har også etablert eit eige DriftsTeam, som har gjort ein framifrå jobb med praktiske oppgåver og oppfølging av bygga. Ekstra takk til Johann M. Reinertsen som har vore pådrivar og som har leia denne flinke gjengen. Dei tek seg også tid til det sosiale, noko som er viktig innimellom «slaga».

Årsmøtesaka om tilsetjing av dagleg leiar blei utsett av økonomiske årsaker.

Oppgraderingar og vedlikehald

2025 har vore eit stort oppgraderingsår:

- Idrettshallen og bygdahuset er malt utvendig, og framstår no svært flott.
- Innandørs er det malt, og golvet i salen er slipt og lakka.
- Sal og scene er nymalte.
- Det «nye» møterommet er etablert, med skjerm og nytt møtebord.
- Det er skifta til LED-belysning mot Kyrkjehølen.

- I kafeen er nye gardiner monter og vegger er malt
- Det er montert projektor og nytt lerret i kafeen, noko som gjer at det er enklare ved ulike arrangement å vise på storskjerm her.
- Det er montert akustikkbilder i kafeen med motiv frå Vikedal, etter at styret lyste ut bildekonkurranse.

Planen om montering av amfi blei ikkje gjennomført etter ei totalvurdering av styret.

Utstyr og innkjøp i 2025

Følgande innkjøp er gjort:

- Nye bord
- Lerret
- Gulvvaskemaskin
- Vimplar
- Vaskemaskin til filler, klutar m.m.
- Blomsterkassar (6 stk., laga av 9. klasse)
- Festivalbenker (bestilt til våren 2026)

Booking og administrasjon

Lilly H. Nilsen og Gro Anett Espevoll har i 2025 tatt på seg rolla som bookingansvarlege og har utført ein svært god jobb for styret her. Det er kontroll før og etter arrangement, samt ta all booking til hus og hall. Dei organiserer også vask når det trengs etter arrangement.

Styret har måtte handtert ein del utfordringar knytt til nøklar på avvegar, og mykje tid har gått med til å skaffe oversikt og samle inn nøklar. For å få betre kontroll ønskjer styret å investera i appstyrte låsar, og dette blir lagt fram som ei eiga sak for årsmøtet.

Styret har òg vurdert kameraovervaking, men dette er lagt på is grunna krav og kriterium som er vanskelege å ivareta.

Arrangement og aktivitetar

Det har vore gjennomført ei rekke arrangement:

- Påskepub
- Halloweenpub
- Julepub

Desse har vore greitt besøkte, men dessverre opplevde me hærverk på eit toalett ved eitt av arrangementa.

Sommarfestivalen blei også arrangert, med god stemning blant dei som kom. Det blei eit lite overskot, men lågare deltaking enn håpa på. Artistar:

- DeKinaputters – AfterSea

- Pallebandet – kveldskonsert

Styret har vidare hatt eit godt møte med Rootsen, noko som resulterte i avtale om auka leigepris.

Det er sett nye utleigeprisar frå 1. november 2025.

Hærverk og tryggleik

Eit av dei mindre hyggelege punkta dette året har vore hærverk rundt og inne i bygga. Styret har måtta oppmoda foreldre om å snakke med barna sine. Situasjonen har betra seg noko utover året, men dette har forsterka behovet for betre lås- og tryggleiksløysingar.

Dugnad og frivillig innsats

Det blei arrangert ein stor haustdugnad, der oppmøtet og innsatsen var svært god. Vindafjord Containerservice lånte ut container, og denne blei fylt opp med skrot. Det var ei glede å få rydda ordentleg opp, og bygga framstår no mykje ryddigare.

Andre tiltak

- Det blei gjennomført ein fotokonkurranse, og vinnarbilda frå Vikedal er montert i kafeen som akustikkplater med motiv.
- Styret søkte og fekk støtte til å gjennomføre Lego for Kids, med eit tilskot på 10 000 kr.
- Arbeidet med den store jubileumsfesten har vore godt organisert gjennom ein eigen komité.
- Styret har vore positive til etablering av klatrevegg i idrettshallen, og det er halde jamlege møte med initiativtakarane.

Avslutningsvis

Styret ønskjer å takka alle som har bidrege med innsats, samarbeid, idear, støtte og dugnadsarbeid gjennom året. 2025 har vore eit år med mykje framgang, oppgraderingar og aktivitet, og me ser fram til å jobba vidare for å løfte standarden og bruken av dette flotte signalbygget i bygda vår.

Rekneskap 2025

Dato fra til: -
Regnskapsår: 2025
Periode: 1 - 7

Resultatsammendrag

for
Vikedal Bygdahus SA

Sidenr: 1

	2025	2024
Salgsinntekt	847 515	306 584
Annen driftsinntekt	587 968	509 176
Sum driftsinntekter	**1 435 483**	**815 760**
Varekostnader	185 595	120 704
Lønnskostnader	43 558	51 898
Avskrivninger	292 752	406 661
Andre driftskostnader	831 027	316 676
Driftsresultat	**82 551**	**-80 180**
Annen renteinntekt	14 502	7 379
Annen rentekostnad	102 497	111 146
Ordinært resultat før skattekostnad	**-5 444**	**-183 947**
Ordinært resultat	**-5 444**	**-183 947**
Årsresultat	**-5 444**	**-183 947**

Kontroll/revisjon av rekneskap for 2024og 2025

Vikedal Bygdahus SA

Me har fått framlagt dokumentasjon bestående av bilag og bilagjournal, resultatrekneskap, balanse, resultatrekneskap pr. avdeling, saldolister hovedbok og åpne poster på leverandør- og kundereskontro, korreksjonslister vedr. fordeling av momspliktige og ikke momspliktige utgifter og inntekter samt momsoppgaver.

Rekneskapen for 2024 syner eit samla underskot på **kr.183.947,-.** Dette er ein auke av underskotet med ca. kr. 46.000,- frå året før, som skuldast i hovedsak auke i avskrivninger.

Rekneskapen for 2025 syner eit underskot på **kr. 5.567,-.** Dette er ei forbedring av årsresultatet med ca. kr. 178.000,-, som skuldast god drift med auka salsinntekter, og redusert avskrivningsats idrettshall. Redusert avskrivning idrettshall utgjer ca. kr. 79.000,-.

Me vil gje stor honnør til styret for den gode drifta som rekneskapen syner for 2025.

Andre kommentarer:

Kyrkjehølprosjektet og asfaltering står fortsatt med negativt beløp i balansen.

Styret må på sjå at der vert bilag framlagt, til rekneskapsførar, for alle utgifter. Det er altfor mange som, berre, er bokført ut frå kontoutskriftene.

Styret må også saman med rekneskapsførar gå gjennom både kunde- og leverandørreskontroen, med hensyn til eldre postar. Det er for mange åpne eldre postar. Viktig med gode rutiner i alle ledd, vedr. fakturering, innkreving og betaling.

Rekneskapen er tilrettelagt av kasserer/styre og bokført av rekneskapsførar. Kunde- og leverandørreskontro er avstemt og framlagt.

Me har revidert rekneskapen både for 2024 og 2025, og meinar det gir eit riktig totalbilde av drifta til Vikedal Bygdahus SA for 2024 og 2025.

Vikedal, 21. mars 2026

Jan Børretzen

Karin Antonsen

BUDSJETT 2026 (01.01.2026-31.12.2026)

DRIFTSINNTEKTER

			Budsjett 2026
3001	Omsetning alkohol og mat		kr 200 000
3100	Salgsinntekter, avgiftsfrie		kr -
3200	Salgsinntekter, utenfor avg.omr.		kr 75 000
3201	Inngangspengar		kr 75 000
	Sum salgsinntekter		**kr 350 000**
3600	Leigeinntekt fast eiendom/utstyr avg.pl		kr 400 000
3605	Leigeinntekt utanfor avgiftsområdet		kr 65 000
	Sponsorinntekter	Hallen	kr 80 000
	Overskot andre inntektsbringande arrangement		kr 15000
	Sum andre salgsinntekter		**kr 490 000**

SUM DRIFTSINNTEKTER TOTALT **kr 910 000**

DRIFTSKOSTNADER

4000	Innkjøp varer	**Låssystem,Lydsystem,**	kr 200 000
4001	Utgifter pub		kr 15 000
4030	Innkjøp råvarer og halvfabrikata (14%)		kr 10 000
4301	Kjøp alkohol		kr 85 000
4500	Fremmedytelser og underentreprise		kr 45 000
4501	Innleigde orkester		kr 40 000
	Sum varekostnad		**Kr 395 000**
	Personalkostnader		
5000	Lønn til ansatte		kr 65 000
	Sum personalkostnader		**kr 65 000**
	Andre driftskostnader		
6320	Renovasjon, vatn, avløp		kr 18 000
6340	Straum		kr 170 000,00
6360	Reinhald		kr 10 000
6500	Verktøy m.v.		kr 10 000,00
6540	Inventar		kr 25 000
6560	Rekvisita		kr 7 000,00
6620	Reparasjoner og vedlikehold utstyr		kr 150 000
6705	Honorar rekneskap		kr 45 000
6800	Kontorrekvisita		kr 1 000,00
6810	Data/Edb kostnader		kr 15 000
6900	Telefon		kr 0

6940	Porto		kr 0
7310	Annonser		kr 7 000,00
7320	Reklamekostnader		kr 12 000,00
7500	Forsikringspremie		kr 45 000
7600	Lisensavgift og royalties	I hovedsak Tonoavgift	kr 10 000
7710	Styre- og årsmøte m.m.		kr 3 000,00
7770	Bank og kortgebyrer		kr 500,00
7790	Annen kostnad fradragsberettiga		kr 5 000,00
7791	Andre driftskostnader		kr -
	Sum andre driftskostnader		**Kr 598 500**
	SUM DRIFTSKOSTNADAR TOTALT		**Kr 993 500**

Budsjettert driftsresultat totalt

8152 Rentekostnader lån Banken kr 120 000

Budsjettert resultat totalt **kr – 83 500**

Vedtekter for Vikedal Bygdahus og Idrettshall SA

Vedtatt på årsmøte i Vikedal Bygdahus og Idrettshall SA 26.03.2026

§ 1. Føretaksnamn

Føretaket sitt namn er Vikedal Bygdahus og Idrettshall SA. Medlemmene heftar ikkje personleg for føretaket sine forpliktingar. Føretaket er registrert som samvirkeforetak etter samvirkelova.

§ 2. Forretningsstad

Føretaket har sitt forretningskontor i Vindafjord kommune.

§ 3. Føremål

Føretaket sitt føremål er å driva og vedlikehalda bygdahuset og idrettshallen til bruk for lokalsamfunnet, samt å leggja til rette for kulturelle, sosiale og idrettslege aktivitetar. Føretaket har ikkje erverv til føremål.

§ 4. Medlemskap

Medlemskap kan teiknast av lag, organisasjonar og andre som ønskjer å støtta føretaket sitt føremål. Søknad om medlemskap skal sendast skriftleg til styret, som avgjer opptak. Medlemmar pliktar å følgja vedtektene og vedtak gjort av årsmøtet og styret. Medlemskap kan ikkje overdragast utan styret sitt samtykke.

§ 5. Andelsinnskot og kontingent

Kvar medlem skal teikna minst éin andel. Verdien av kvar andel er kr 500,-.
Det skal førast liste over andelseigarar og talet på andelar.
Det blir ikkje betalt årleg kontingent. Andelsinnskot blir ikkje betalt tilbake ved utmelding.
Meir enn 50 % av andelane skal til ei kvar tid vere eigd av idrettslag/organisasjonsledd i Noregs Idrettsforbund og olympiske og paralympiske organisasjonskomite og/eller kommunar/fylkeskommunar.

§ 6. Andelseigarar

Andelane i føretaket er fordelt slik:

Idrettslag og organisasjonsledd i Noregs idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité:

Vikedal Skyttarlag: 3
NMK Vikedal: 3
Vikedal Dykkarklubb: 1
Vindafjord Idrettslag: 4
Vindafjord Pistolklubb: 2
Totalt: 13 stk

Andre:

Vikedal Ungdomslag: 5
Vikedal Bondelag: 1
Vikedal Skulekorps: 1
Vindafjord Røde Kors: 1
Vikedal Båtforeining: 1
Totalt: 9 stk

Andelar totalt: 22 stk

§ 7. Årsmøte

Årsmøtet er føretaket sin høgaste myndigheit og skal haldast innan utgangen av mars. Innkalling skal skje skriftleg med minst fire vekers varsel. Årsmøtet skal behandle:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av to stk til å skrive under protokoll
3. Årsmelding
4. Rekneskap
5. Budsjett og handlingsplan
6. Val av styre og revisor
7. Fastsetjing av andelsverdi (ved behov)
8. Eventuelle forslag til vedtektsendringar
9. Andre saker meldt innan fristen

Kvar andelseigar har éin stemme, uavhengig av tal andelar, som er vanleg i samvirke. Det må møta minst 2/3 av andelseigarane på årsmøtet for at møtet skal vera stemmeberettiga.

§ 8. Styret

Styret skal ha minst fem medlemmar og to varamedlemmar, valt av årsmøtet. Valperioden er to år, med rullering for kontinuitet. Styret konstituerer seg sjølv og vel leiar for eitt år om gongen. Styret har ansvar for dagleg drift, økonomi og gjennomføring av årsmøtet sine vedtak. Ifølgje samvirkelova kan det ikkje vere meir enn fire styremedlemmer av same kjønn. Styret har ikkje fullmakt til å selje, pantsetje eller på annan måte belaste laget sine faste eigedomar. Det kan heller ikkje inngå avtalar som inneber kausjonsansvar, eller bruke laget sine inntekter til andre formål enn drift og vedlikehald av huset.

§ 9. Økonomi og årsoverskot

Årsoverskot skal nyttast til vedlikehald og forbetring av bygningane og til aktivitetar i samsvar med føretaket sitt føremål. Det skal ikkje skje utdeling av overskot til medlemmar utover det som følgjer av samvirkelova kapittel 6.

§ 10. Oppløysing

Ved oppløysing av føretaket skal nettoformuen nyttast til samvirkeformål eller allmennyttige formål i lokalsamfunnet, etter nærare vedtak i årsmøtet. Medlemmane har rett til å få tilbake innskoten andelskapital dersom midlar står att etter at gjeld er dekka. Fordeling av eventuelle overskytande midlar skal skje i samsvar med samvirkelova § 135.

§ 11. Endring av vedtekter

Endringar i vedtektene krev minst to tredjedels fleirtal av dei frammøtte stemmeberettiga på årsmøtet.

§ 12. Iverksetjing

Desse vedtektene trer i kraft frå det tidspunkt dei er vedtekne av årsmøtet.